

**Laurdag er Uskedalen og Aktivitetshuset målet for trommeslagarar frå fire korps i Kvinnherad. Då kjem Frank Jakobsen (52), ein av landets fremste på området, hit for å halda seminar.**

Det er deltakarar frå Rosendal skulekorps, Husnes skulekorps og Høylandsbygd musikkorps i tillegg til Uskedal skulemusikk. Tilsaman blir det truleg 11. Dei tre i trommegruppa her er no Katrine Yri Røssland, Stian Myklebust og Julie Myklebust

Såleis vert alle korpsa i kommunen som har slagverkarar i denne aldersgruppa representert. Responsen frå dei andre korpsa har vore svært positiv, melder Torunn Døssland som er ansvarleg for den nye trommegruppa. Ho har vore klassekamerat med Jakobsen og var den som engasjerte han til seminaret. Med det gjorde ho eit lite kupp, for han er ein ettertrakta kar.

Det er første gongen han har seminar i Kvinnherad. Dei som kjenner musikarane på topp-planet meiner at bergensaren er ein av dei fremste i landet. Siden han kom attende til heimbyen i 1992 har han vore med på så mangt. Frå 1995 har han vore med i Olav Dale kvartett som kom med ein CD året etter.

I 1997 vart Jakobsen heidra med Vossajazzprisen og i hovudstaden har han spela inn plater med Knut Riisnæs og Rob Waring trio. På det lokale plan har han spela inn Vargtime med Jan Kåre Hystad og CD med Bergen Big Band og Karin Krog for to år sidan.

Av Ola Matti Mathisen



Dei tre i trommegruppa til skulekorpset her i bygda no er Katrine Yri Røssland, Stian Myklebust og Julie Myklebust. (Foto: Ola Matti Mathisen)